

# HERLEG ER HAUSTEN

T TRYGVE BJERKRHEIM

(FRA SAMLINGA «ENN BANKAR  
MITT HJARTA»  
LUNDE FORLAG, 1968)

M JOHAN LOKKENHAUG, 2019

HERLEG ER HAUSTEN NÅR HIMMELN BLÅNAR, SYLVSKYER SIGLER, I ETEREN SVIV  
KUPPELEN NED I-MOT SOL-LANDET SKRÅNAR, YVER DET MOGNANDE, LYSANDE LIV

Herleg er hausten når himmelen blånar,  
sylvskyer sigler, i eteren sviv.

Kuppelen ned imot sol-landet skrånar,  
yver det mognande, lysande liv.

Herleg er hausten, — sjå korngullet glimar,  
aplane bognar, og bæret er raudt.  
Bjørkene gløder i solfylte timar.  
So kjem ein stormvind, — og treet er snaudt.

Stillsleg er hausten, og sterkt til meg talar.  
Vekjømndi tek meg om enn eg er glad.  
Solvegen stutnar, og livs-logen dalar,  
sorgmodet sitrar i kvelds-fuglens kvad.

Herleg er hausten, og difor eg takkar,  
at eg det storfelte synet fekk sjå.  
Når det so ut imot livs-hausten lakkar, —  
Gud, må ditt evige vår-land eg sjå!